



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1979

Namnet på vatnet Myrsjøvatnet, Gamle Skard vatnet
Kaugkvingvatnet, Tenehei-vatnet
Kommune Suldal

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

M O S V A T N E T


Prøvefiske vart foreteke den 19 sept. 1979.

For å granske fisketilheva i Mosvatnet, vart det den 9 sept. 1975 foreteke ein fiskeanalyse, og konklusjonen den gongen var at vatnet var sterkt overbefolka og det vart tilrådd utfisking med El. fiskeapparat. På denne måten ville ein kunne utnytte fisken som settefisk i andre vatn.


Vi har kjenskap til at denne utfiskinga har pågått nå i fleire år og at det årleg har vorte fanga ca 6-800 settefisk. Denne har vorte nytta i fisketomme og tynt befolka vatn innan drifts-eininga. Grunneigarlaget har vore svært positive til tiltaket, og møtt mannsterke fram, for transport av fisk.

For å sjå kva innverknad denne utfiskinga har hatt, vart det overnemnde dato foreteke eit nytt prøvefiske i Mosvatnet.

Det vart sett ut 6 garn - 2 stk. omf. 18, 2 stk. omf. 24 og 2 stk. omf. 32. Resultatet etter 1 fangstnatt vart 51 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av auren fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 21 aurar og av desse var 11 røde, 6 lys-røde og 4 kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 14 hanfiskar og 7 hofiskar.

1 fisk var angripen av parasittar.

Av samla fangst var 33 % gytetisk-resten gjeldfisk.

Medelvekta av prøvefiskane var 153.8 gram.

Største fisken 200 gram.

Mageprøver.


For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 4 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver, vårflugelarver, ertemusling, lungesneglar, sommerfugllarver, bythotrep.l., linsekreps og div. luftinsekter. Ein ganske allsidig meny.

Ser vi på medellengda, og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.7	9.9	15.0	19.6	23.0	25.5	28.0
Årleg lengdetilv. i cm	4.7	5.2	5.1	4.6	3.4	2.5	2.5
Antall fiskar	21	21	21	21	16	10	2

Medel kondisjonsfaktor = 0.92 tilseier mager, langstrakt fisk.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Mosvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år). Vidare har vi teikna inn vekstkurven frå 1975.



Som vi her vil sjå, er veksten på auren i Mosvatnet framleis i underkant av normalen, men vekstkurven for 1979 er betre enn 1975-kurven. Det er truleg at dette skuldast den utfiskinga som har vorte foreteken i desse åra.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene på Mosvatnet karakteriserast som eit medels næringsrikt vatn og framleis med eit fiskebestand som er i overkant av vatnet si bære-emne.

Dei kjemiske tilhøva er relativt gode og pH vart den 19 sept. målt til 5.6.

Mageprøvene syner at mange arter av næringsdyr er å finna. Ser vi på omfarfordelinga, så syner denne at det er småfisken som dominerar og kondisjonsfaktor, saman med vekstkurve, fortel at vatnet er overbefolka.

Gytetilhøva for auren i Mosvatnet er gode i fleire av tilsigs-bekkene og særleg er "Fidjåna" ein framifrå gytebekk. Nye og store årgangar med yngel og småfisk kjem årleg ut i Mosvatnet og blir ikkje tilveksten hausta, vil det gi seg utslag i små-fallen fisk av ikkje fullgod kvalitet.

Praktiske tiltak.

Den utfiskinga som har pågått i seinare år, må intensiverast noko i åra framover. Sjølv om fiskeanalysen frå 1979 syner framgang i høve til 1975 både med omsyn til vekstkurve, kondisjonsfaktor, kjøttfarge og vekt så er det likevel ikkje tilfredstillande. Det er mogeleg å få fram ein noko større fisk, av ypperleg kvalitet i dette vatnet, men då må ein prøve å få ta ut mest mogeleg med gytefisk på bekkene om hausten og nytta denne som settefisk i andre vatn. Dette må gjerast ved hjelp av ruser og El.fiskeapparat. Når ein har fått fiskestorleik og kvalitet opp på ynskjeleg nivå kan ein trappe ned noko på settefiskfangsten og regulere fiskebestandet best mogeleg ut frå dette. Det er ei stor føremun for driftseininga å ha eit så fiskerikt vatn som Mosvatnet like ved bilveg, og sjølv om ein gjer sitt beste ved å drive utfisking vil det nok likevel alltid vera småfisk å hente, også i åra framover.

Mosvatnet er eit ypperlig sportsfiskevatn (stangfiske) og med store hytteområder på alle kanter. Fiskekortsal må vera det primere, medan garnfiske etter kvart går heilt over til grunn-eigarane. Dette for å nyttiggjera seg den større fisken som etter kvart vil koma i samband med ei intensivert utfisking.

Stavanger 6/2 1980

Einar Berg